

Møtereferat

Dato: 11.05.2017

Emne:	Møtereferat - styringsgruppa 03.05.2017		
Til stades:	Sissel Øverdal, Rita Jordal, Rolf Arve Haugstvedt, Inge Bauge, Ola Dahl Andersen og Hege Osebakken, Ann Elin Hansen møtte for Morten Mjeldheim, Cathrine Øvredal Mellingen (sak8/17)		
Forfall:	Linda Farestveit, Sølvi Olrich Sørebo, Mads Kleven, Atle Rasmussen, Morten Mjeldheim	Sak: 2017/1228-5	
Møtetid:	03.05.2017 kl 1000-12.00	Møtestad: Forskjønnelsen	

Møteleiar: Sissel Øverdal**Referent: Ola Dahl Andersen og Hege B. Osebakken****Sissel Øverdal ønska velkommen. Det var ingen merknader til innkalling, saksliste.****Til eventuelt vart det meldt eit punkt.****Sak 8/17 Budsjettramme**

Cathrine Øvredal Mellingen frå økonomi, møtte og gjekk gjennom budsjettramma for prosjektet. Budsjettet vart delt ut. Det ligg og i prosjektplanen. Føring og kontering vil bli informert om i prosjektgruppa. Prosjektet tar kostander som er klarert med prosjektleiinga og som naturleg fell inn i prosjektet. Kostander utover dette må kva skule ta på seg. Budsjettet vart beslutta utan merknader.

Sak 9/17 Løypemelding til fylkestinget juni 2017

Hege gjekk gjennom løypemeldinga til fylkestinget. Styringsgruppa (SG) fekk meldinga til orientering. Y - Nemnda hadde ingen kommentarar til meldinga da den vart behandla hjå dei dagen føre.

Sak 10/17 Prosjektplan

Hege presenterte prosjektplanen.

Prosjektplanen vert godkjent med følgjande merknader:

s. 5 og 6 endrast det til – lærar når vi omtalar skulens sine lærarar.

s. 7 Rolf Arve Haugstedt vert skriven inn her under Årstad vidaregåande skule

s. 9 interessentar, NAV vert endra til middels (grad av påverknad) , og NAV informerast/involverast tidleg, teksten oppdaterast i prosjektplanen.

s. 13 ordet «handterast» endrast til føljes opp.

Det er viktig at målepunkta lar seg måle og er konkrete. Det er også viktig å bruke leveransmåla som rettesnor for kva som skal ligge i stillinga og arbeidsoppgåver for koordinatorene.

Sak 11/17 Plan for oppstart av yrkesfagkoordinatorane (YFK)

Ola gjekk gjennom plan for oppstart for YFK.

Prosjektleiinga ønskjer å ha hand om oppstarten, for å få ei felles forståing for kva den enkelte YFK skal arbeide med. Det er viktig at oppstarten og integreringa på skulane vert smidig. Det første møte er viktig, både for koordinatorene og personellet på skulen.

Sak 12/17 Eventuelt

Møte datoar for SG hausten 2017

- Forslag til møtedato vert etter at saka har vert i FT oktober 2017, ny møtedato vert 8.11, dato vart i etterkant av møtet endra til 1.11